

Oddmund Løkensgard Hoel

oddmund.hoel@hisf.no

Essay i "Forsking og samfunn" (KULT 8850)

Skrive 2005 (mindre rettingar 2015)

Utviklinga av ytre norsk språkhistorie som forskingsdisiplin

Nyare språkhistorie har i lang tid vore eit sentralt emne i norskfaget frå grunnskule til universitet. Også som forskingsdisiplin har disiplinen i all hovudsak hatt fast tilhørysle som ein del av nordisk språkvitskap. Institusjonelt har det gjeve seg utslag i at dei fleste forskrarar og studentar som syslar med nyare språkhistorie, høyrer til på avdelingane for norsk/nordisk språk og litteratur på universiteta og høgskulane.

Slik har det ikkje alltid vore, og dei siste åra har nyare språkhistorie i aukande grad vorte ein tverrfagleg disiplin der ikkje minst historikarane har kome på bana. Det sentrale siktemålet med dette essayet er å gje ei faghistorisk framstilling der fokuset særleg vil liggja på korleis ein slik grense- eller bindestreksdisiplin har vorte forma i spenningsfeltet mellom ulike fag, og mellom tendensar som spesialisering og tverrfaglegheit. Ein del av dette vil òg vera å sjå på ulike skular eller tradisjonar, og i kva grad paradigme-omgrepene er brukande for å skildra den indre historia til disiplinen.

Omgreps- og metodeavklaringar

"Slik tradisjonen har vært, og foreløpig fortsatt er, betyr i dag 'nyere norsk språkhistorie' rett og slett historia om den norske språkstriden," skreiv Ernst Håkon Jahr i 1993 (s. 122). Då hadde ein utanlandsk fagfelle nyleg gjort det klårt at han venta seg at "a book which claims to deal with the development of Norwegian since 1814 will say something about the structures of Norwegian in 1814 or thereabouts and explain whether these have changed over the years, and if so how." (Barnes 1991, s. 118f) Dette var neppe utslagsgjevande, men i 1993 kom i allfall ei ny grunnbok i norsk språkhistorie med ei skarp deling mellom 'indre' og 'ytre' språkhistorie. Skiljet har det siste tiåret i aukande grad spegla seg i studieplanar på høgskular og universitet.

Om me førebels held oss til denne innføringsboka (Torp og Vikør 1993, s. 13-15), vert 'språkhistorie' her definert som "vitskapen om korleis språket og språksamfunnet har endra

seg gjennom tidene". Medan den indre språkhistoria er *strukturell* og fokuserer på korleis (tale)språket har endra seg frå eitt stadium til eit anna, er den ytre språkhistoria *sosial* eller *sosiopolitisk* og tek føre seg korleis språksamfunnet har utvikla seg til kvar tid. Dette inkluderer både korleis eit språk har ekspandert geografisk eller mist terreng, tevlinga mellom ulike språk eller dialektar, skriftfestinga av språket (m.a. normerings- og rettskrivingsspørsmål), funksjonen til skrifta i samfunnet, haldninga til språkbruk og ikkje minst språkpolitikk og språkideologiar. Slik kan ytre språkhistorie kallast den diakrone varianten av *språksosiologien* eller *sosiolingvistikken*.

Grensa mellom ytre og indre språkhistorie har vore omdiskutert. Torp og Vikør legg, iallfall i praksis, til grunn ei forståing der den indre språkhistoria primært dreier seg om talemålet og den ytre om skriftmålet, men presiserer at dette skiljet ikkje er absolutt (Torp og Vikør 1993, s. 16). Då indre språkhistorie stod på programmet for konferansen MONS 9 i 2001, vart det presisert at det var omtvista i kva grad indre og ytre språkhistorie kan skiljast frå kvarandre.¹ I diakron lingvistikk blir gjerne 'indre språkhistorie' reservert for studiet av språkinterne (universelle) språkendringsfaktorar. Endringar som kjem av ytre (ekstralinguistiske) faktorar, som migrasjon, språk- eller dialektkontakt, normering eller politiske omsyn, høyrer til den ytre språkhistoria, sjølv om det er endringar i talespråket som her òg er studieobjektet.²

Eit anna disiplinskilje som bør nemnast, er 'språkhistorie' vs. 'historisk lingvistikk'. Det har vore vanleg å definera språkhistorie som skildring av det historiske forlaupet i enkeltspråk eller grupper av enkeltspråk (td. norsk). Historisk (diakron) lingvistikk er derimot ein del av den generelle lingvistikken, som har generelle trekk ved språkendringar, språkendringstypologiar og skilnader mellom ulike språk som studieobjekt.³ Etter kvart som grensa mellom generell lingvistikk og, i vårt tilfelle, nordisk språkvitskap metodisk, teoretisk og institusjonelt har vorte meir og meir utviska dei siste åra, vil også skiljet mellom historisk lingvistikk og språkhistorie bli meir og meir flytande. I ein faghistorisk analyse er derimot dette skiljet viktig å ha med seg fordi det i periodar har vore svært ulikt kva nordistar har inkludert i 'språkhistorie' og allmenningvistar har inkludert i 'historisk lingvistikk' når det gjeld språkeksterne faktorar og tilhøve.

Ei hovudsak i all vitskapshistorie er den stadig sterkare spesialiseringa dei siste 200 åra. Spørsmålet vårt blir då når og korleis ytre språkhistorie voks fram til å bli ein eigen

¹ www.hf.uio.no/inl/mons9/Indre_sprakhistorie.htm [henta 11.6.2005]. "Møte om norsk språk" (MONS) blir halden annakvart år og er den sentrale konferansen i Noreg for forsking på norsk språk.

² Td. Jan Terje Faarlund, www.hf.ntnu.no/fil/vit_forum/2001/VF01faarlund.html [henta 11.6.2005]; Kristian Emil Kristoffersens førelsesingar i historisk lingvistikk, www.hf.uio.no/ilf/studier/lingvistikk/materiale/ [henta 11.6.2005].

³ Kristoffersen, jf. førrre note.

disiplin, og kva faglege føresetnader og tildriv som låg bak. Når me kjem fram til vår tid, blir spørsmålet i kva grad nyare vitskaplege endringsprosessar, mellom anna når det gjeld tverrfaglegheit, har slege inn i disiplinen. Som ein modell for å gripa desse endringane, vil eg ta utgangspunkt i skiljet som Michael Gibbons m.fl. dreg opp mellom kunnskapsproduksjon av 'type 1' og 'type 2'. Meir enn fast definerte typar av kunnskapsproduksjon er det snakk om idealtypar som i første rekke skal fanga opp overgangen som no driv og skjer frå éin normaltilstand, generalisert til å gjelda alle vitskaplege felt, til noko nytt. Det blir såleis meir snakk om kjenneteikn enn klåre kriterium. Eit sentralt kjenneteikn på type 1 er at han er "discipline-based and carries a distinction between what is fundamental and what is applied". I type 2 er derimot tverrfaglegheit "the privileged form of knowledge production." (Gibbons m. fl. 1994, s. 19, 27, 30)

For å skildra ulike skular og tradisjonar innanfor språkhistorieforskinga, brukar eg paradigme-omgrepet, samstundes som eg er fullt klår over at det er ein vitskapsteoretisk risikoidrott. Thomas S. Kuhn har fått kritikk for å ha ein lite klår definisjon av 'paradigme', og det har vore hevda at omgrepet er endå vanskelegare å bruka innanfor humaniora. Kuhn presiserer i etterordet frå 1969 at han nyttar 'paradigme' i to ulike tydingar, på den eine sida "hela den uppsättning av föreställningar, värderingar, metoder osv som är gemensamma för medlemmarna i ett givet samfund", på hi sida konkrete problemlöysingar som tener som modellar eller eksempel og dermed "kan erlämna direkt regler för att lösa de övriga problemen inom normal vetenskap." (Kuhn 1992, s. 143) Särleg problematisk er Kuhns krav om at ein berre kan snakka om 'normalvitskap' når alle innanfor fagområdet sluttar seg til det gjeldande paradigmet. Samstundes har 'paradigme' glide inn i allmennspråket, og *Nynorskordboka* definerer det som "(i filosofi og vitskap:) tenkjemåte, problemlöysing som blir halden fram som föredöme för lösningar av liknande problem i same vitskap, og dermed skaper ein vitskapstradisjon".⁴ Her blir 'paradigme' mest synonymt med 'skule' eller 'fagtradisjon', og det er i denne opnare tydinga eg førebels nyttar omgrepet.

Som både Kuhn og Ingemar Nilsson har vore inne på, kan vitskaplege paradigme først og fremst lesast ut av handbøker eller lærebøker. "Det är här och särskilt under perioder av kris, då olika skolor utformats, som en vetenskaps forskningsprogram och vetenskapsideal tydligt framträder," skriv Nilsson (1984, s. 127). Såleis vil lærebøker i nyare språkhistorie stå sentralt i analysen min.

⁴ *Bokmålsordboka og Nynorskordboka*, <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html> [søk 21.6.2005].

Utskiljinga av ytre språkhistorie som forskingsdisiplin ca. 1800-1920

Faghistoria fram til mellomkrigstida skal berre svært kort nemnast. I grunnleggingsåra for norsk historie- og språkvitskap tidleg på 1800-talet var språkhistorie ein kjernedisiplin med røter i den indo-europeiske historisk-komparative lingvistikken som fekk fotfeste i Norden tidleg på 1800-talet. Den ideologiske og vitskapsfilosofiske føresetnaden for den nye retninga var den tyske romantikken og historismen som kom til å prega alle humanistiske fagfelt. Det var historikarane i "den norske historiske skulen" som importerte den historisk-komparative lingvistikken til Noreg, og norsk språkhistorieforskning byrja såleis som ein integrert del av historievitskapen med Rudolf Keyser og P.A. Munch som dei store namna.⁵

Den følgjande spesialiseringa gjorde at allmenn lingvistikk var klårt utskilt ut som eigen disiplin ved hundreårsskiftet (Hovdhaugen m. fl. 2000, s. 304). Forskingsobjektet var det levande talemålet, og det rådande paradigmet var junggrammatikken som gjorde kartlegginga av *ausnahmslose Lautgesetze* (unntakslause lydlover) til forskingsprogram etter førebilete frå dei eksakte fysiske vitskapane.⁶ Ytre språkhistorie og tilhøvet mellom språk og samfunn meir allment vart dermed ekskludert frå lingvistikken. Ein reaksjon kom med strukturalismen, grunnlagd av Ferdinand de Saussure.⁷ Eit kjernepunkt var at ein måtte skilja skarpt mellom diakrone og synkrone språkstudiar. Synkront må språket studerast som eit system med element som står i eit gjensidig forhold og berre kan definerast relasjonelt, ikkje essensielt. Dette bygde på eit grunnleggjande syn om at språk var eit samfunnsfenomen, ikkje natur. Tankegangen frå strukuralismen gjekk ein lang omveg før han fekk innpass i norsk språkhistorieforskning. Det hende først etter at sosiolingvistikken, som var bygt på strukturalistisk tenking, fekk gjennomslag i 1960- og 70-åra.⁸

Medan lingvistikken tidleg på 1900-talet vart etablert som tydeleg utskild forskingsdisiplin, var grensene framleis flytande mellom historievitskapen og den tradisjonelle morsmålsfilologien. Frå ein situasjon der jus, teologi og filosofi hadde vore dei hegemoniske disiplinane ved universitetet, fekk den nye nasjonaldemokratiske lærdomskulturen tre vitskaplege tyngdepunkt, skriv Rune Slagstad (2000, s. 41):

⁵ Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 192f; Dahl 1990, s. 45, jf. 51ff.

⁶ Robins 1990, s. 202. Det innarbeidde engelske omgrepene for retninga er *neogrammarians*. Om junggrammatikken i Noreg, sjå Venås 1986a.

⁷ I 1916 kom eit referat av førelsingane hans ut posthumt (*Cours de linguistique générale*), og hendinga har i lingvistikkhistoria vorte samanlikna med den kopernikanske revolusjonen (Robins 1990, s. 220). Den strukturalistiske pioneren i Noreg var Alf Sommerfelt, professor i lingvistikk i Oslo frå 1931 (Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 310 og 330).

⁸ Sommerfelts populærvitenskaplege innføring i språk frå 1935 byrjar med eit kapittel med den programmatiske tittelen "Sproget som sosialt fenomen", og dette er den fyrste norske framstillinga eg har funne som tydeleg skil mellom 'indre' og 'ytre' språkhistorie både omgrepsmessig og i den måten framstillinga er strukturert. Kapitla "Sprogets indre historie" og "Sprogets ytre historie" er to av dei fem hovudkapitla i boka (Sommerfelt 1934).

språkhistorie, litteraturhistorie og historievitskapen. Institusjonelt var den store universitetsreforma i 1905 viktig for å halda på banda mellom disciplinane. Reforma var universitetet sitt motsvar til den store nasjonaldemokratiske gymnasreforma i 1896 som etablerte norsk språk og litteratur som dei allmenndannande nøkkelfaga (Slagstad 2000, s. 54). 1905-reforma skulle mellom anna styrkja banda mellom skule og universitet, og hovudfagsordninga med ei vitskapleg avhandling vart innført saman med høvet til å ta historisk-filosofisk embeteksamen der norsk historie, språk og litteratur stod sentralt.

Medan lingvistikken avgrensa seg frå den ytre språkhistoria mot slutten av 1800-talet, heldt både den ytre og den indre språkhistoria fram med å vera i interessefeltet til historikarane. For Ernst Sars stod historia til språket sentralt, og karakteristisk nok avslutta han *Udsigt over den norske Historie* med sine synspunkt på korleis den norske språkstriden skulle løysast, nemleg ved at dei to skriftspråka på lang sikt burde smelta saman til eitt.⁹ Interessa for språk og språkhistorie var endå større hjå Sars' elev og etterfølgjar, historieprofessor Halvdan Koht, som både var fagleg og politisk svært engasjert i språkspørsmålet.¹⁰ I den enorme produksjonen hans har han fleire arbeid der språkpolitikk og språkplanleggingshistorie står sentralt, mellom anna både om Ivar Aasen, Johan Sverdrup og jamstellingsvedtaket 1885.¹¹ Dei låge gjerda mellom disciplinane blir understreka av at Koht òg publiserte fleire litteraturhistoriske arbeid.

Nordistane festar grepet – Seip- og Indrebø-paradigma

Gradvis voks likevel skiljet mellom historievitskapen, nordisk språkvitskap og nordisk litteraturvitskap fram. I 1899 vart Marius Hægstad den første professoren i nordisk språkvitskap, i eit professorat i "Landsmaalet og dets Dialekter". I 1923 vart han følgd av Sigurd Kolsrud, og i 1916 vart Didrik Arup Seip den første professoren i "riksmål".¹² I 1918 vart Torleiv Hannaas professor i vestnorsk målføregransking ved Bergen Museum, etterfølgd av Gustav Indrebø i 1929.¹³

Av desse var det særleg Seip og Indrebø som utvikla nyare norsk språkhistorie som sentral forskingsdisiplin i nordisk språkvitskap, og dei har gjeve opphavet til seinare merkelappar som "Seip-modellen" og "Indrebø-modellen" innanfor

⁹ Fulsås 1999, s. 273, jf. Søilen 1983 som er det sentrale arbeidet om Sars og språkspørsmålet.

¹⁰ Jf. Søilen 1978, som er (det upubliserte) hovudverket om Kohts arbeid i grenselandet mellom språkpolitikk, historie og språkvitskap.

¹¹ Stortingsvedtaket 12. mai 1885 som gjorde landsmål til offisielt nasjonalmål jamstelt med dansk-norsk.

¹² Seips professorat vart raskt omdøypt til "nordisk språkvitskap", som òg var nemninga på professoratet Kolsrud vart tilsett i.

¹³ For ei framstilling av historia til nordisk språkvitskap i Bergen, sjå Bondevik (red.) 1988 og Thue 1996, særleg s. 457-461 og 476-481.

språkhistorieforskinga.¹⁴ Indrebø var både historikar og filolog, og både opererte i eit grenseland mellom språk og historie. Dei var både sterkt engasjerte i den dagsaktuelle målstriden og sytte òg for at eit sterkare fagleg engasjement vart retta mot den ytre språkhistoria. Interessefeltet vart no for alvor flytt frå den gamalnorske perioden til dansketida og vidare til Noreg etter 1814, ikkje minst alle typar språkleg reformstrev utover på 1800-talet. Det lyt understrekast at den indre og ytre språkhistoria er integrerte i arbeida deira, og at dette disiplinskiljet såleis er lite utvikla hjå dei.

Seip var sterkt skuledannande innanfor språkhistorisk formidling og forsking gjennom oppunder 40 år som professor i nordisk språkvitskap i Oslo. Med orda til Jahr var han "den forskeren som la det akademiske og vitenskapelige grunnlaget for disiplinen [nyere norsk språkhistorie]" (Jahr 1993, s. 127). Han var svært produktiv, også på det populærvitskaplege feltet,¹⁵ og *En liten norsk sproghistorie* til undervisningsbruk kom i heile 18 utgåver og opplag 1914-1976.¹⁶ Han stod med ein fot i junggrammatikken, men hadde som elev av pre-strukturalisten og målføregranskaren Amund B. Larsen også eit klårt syn for at språkendringar er psykologiske prosessar der sosiale og geografiske forhold har ein viktig plass.¹⁷ For språkhistorieforskinga er det kanskje vel så relevant å peika på at han var ein "detaljenes mann" - "teoretisering og abstrakt filosofering lå ikke for ham" (Knudsen 1981, s. 15f).

Det vil ikkje seiia at historieskrivinga hans mangla syntese. Språkpolitisk byrja han som aktivist i Studentmållaget (formann 1908) før han kring Fyrste verdskriga var sentral i Østlandsk Reisning og ein sentral ideolog bak samnorskpolitikken. Riksmålsrørsla var såleis rasande då han fekk det nyskipa professoratet i riksmål i 1916. Saman med gamalnorsk språkhistorie og filologi var nyare ytre språkhistorie hovudfeltet hans,¹⁸ og Seip var framfor nokon *oppnorskinga* sin historikar. Avhandlinga *Norskhet i sproget hos Wergeland og hans samtid* (1914) vart mònsterdannande for ei rad seinare granskingsar både av Seip og andre, der hovudsaka var å dokumentera norske innslag i skriftspråket til danskskrivande nordmenn

¹⁴ Jf. Jahr 1993, s. 127-129; Vikør 1994, s. 219.

¹⁵ Bibliografin hans tel heile 1188 nummer (Tuneld 1981).

¹⁶ I 1956 fekk boka selskap av *Språket vårt gjennom tidene* (Lundeby og Torvik 1956), som med den reviderte utgåva *Språket vårt før og no* (1975) gjorde at det seipske perspektivet heldt stand i vidaregåande skule gjennom ni opplag/utgåver heilt fram til midten av 1990-åra (siste utg. kom i 1991).

¹⁷ Knudsen 1981, s. 10, legg vekt på dette, medan Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 411, understrekar at ein ikkje finn noko tydeleg brot med det junggrammatiske paradigmet hjå han.

¹⁸ Seip skreiv hovudfagsoppgåve om barndomsdialekten sin – *Lydverket i Åsdøl-målet* (1911), som vart eit mònster for hovudoppgåver i dialektologi (Venås 2001, s. 231). Hovudverket hans var *Norsk språkhistorie til omkring 1370* (1931, ny utg. 1955). Innanfor eldre språkhistorie var Seips overordna program å dokumentera at språkdrag som vart rekna for tysk-dansk import, var utvikla naturleg i norsk talemål, td. namneformer som 'Norge', 'Trondhjem', pronomenet 'jeg' og sterkt presens utan omlyd ('kommer'). I ettertid har mange av tolkingane møtt sterkt kritikk og vorte karakteriserte som einsidige og tendensiøse, men i samtida hadde Seip ein hegemonisk posisjon, berre motsagt av forskarar innanfor nynorskkleiren (for ei oppsummering av kritikken, sjå Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 410).

frå dansketida og framover. Historieteoretisk stod Seip for eit evolusjonistisk og deterministisk syn i tradisjonen frå Ernst Sars og Moltke Moe, der utviklinga "naturnødvendig"¹⁹ gjekk i norskare lei. Som han konkluderer i *Liten norsk språkhistorie*: "Språksituasjonen i Norge har lenge vært floket. Innenfor de forskjellige språkleirene rår det også ulike meninger om mål og midler. Men trass i alt har språkutviklingen gått etter én framgangslinje: Språkbruken er blitt norskere for hver ny mannsalder." (D. A. Seip 1976, s. 59) I dette harmoniske og integrerande perspektivet arbeidde alle aktørar i språkstriden for same norske sak, og språksosiale konfliktar og spenningar fekk lite rom. Saman med Seips hang til detaljar har det gjort at ein vesentleg del av framstillingane av ytre norsk språkhistorie på 18- og 1900-talet har gått med til detaljtung rettskrivingshistorie og språklege normer i skjønnlitterære forfattarskapar og mönsterdannande læreverk.²⁰

Året før Seips Wergeland-avhandling kom ut, feira målfolket 100-årsjubileet for Ivar Aasen fødsel, mellom anna med å gje ut det som skulle bli ståande som det største biografiske verket om Aasen fram til 1996, skrive av Anders Hovden, Arne Garborg og framfor alt Halvdan Koht (Garborg m. fl. 1913). I åra før og etter vart òg ei rad av Aasens uprennt arbeid publiserte, og dette kan stå som eit startpunkt for den nynorske forskingstradisjonen i nyare språkhistorie.

Hovudmannen skulle bli Gustav Indrebø, Seips hardaste motmann i samtidia, både fagleg og språkpolitisk. I 1929 arva han både formannsvervet i Noregs Mållag og professoratet i vestnorsk målføregranskning ved Bergen Museum etter Torleiv Hannaas. Dersom populære språkhistorier for skule- og heimebruk er ein indikator på fagleg hegemoni, er det heilt klårt at den nynorske tradisjonen berre var ein motstraum eller sidestraum. Marius Hægstsads *Norsk maalsoga for skule og heim* (1904) fekk rett nok ein del spreiing,²¹ men Indrebøs motsvar til språkhistoria til Seip, *Norsk målsoge* (1927), kom berre i tre opplag/utgåver.²² Vikør har karakterisert perspektivet til Indrebø som 'voluntaristisk' – dette er forteljinga om atterreisinga av det ekte norske språket på Ivar Aasens faglege og

¹⁹ 'Naturnødvendig' er eit nøkkelord hjå Seip, slik Bleken 1966, s. 28-29, har dokumentert (jf. òg Jahr 1993, s. 128). Men korkje Bleken eller Jahr nemner at han hadde overteke omgrepene frå Moltke Moe (td. Moe [1909]) og stod i gjeld både til Moe og Sars.

²⁰ For ein kritikk av Seips språkhistorieskriving, sjå Jahr 1993, s. 127-129. Seip sjølv skreiv aldri nok så samla omfattande framstilling av nyare norsk språkhistorie. Det kom to store oversynsverk over norsk språkhistorie i Seip-paradigmet. Vemund Skard hadde ambisjonar om å skriva eit større verk og gav i åra 1962-1979 ut fire band som dels i endelege og dels i førebelse utgåver dekte perioden frå dei eldste tider fram til 1907. Det andre er Vinje 1978 (førebels utg. 1973/1976). Både er detaljtunge verk der framstillinga lid såpass under manglende strukturerande og sambindande grep at det er freistande å seia med E.H. Carr at dei "sunk without trace in an ocean of facts" (Carr 1987, s. 15).

²¹ Skriften kom i serien *Norske folkeskrifter*, utgjeve av Studentmållaget og Noregs Ungdomslag. Omslaget til tredje og siste utgåve opplyser at det samla vart prenta 12 000 eksemplar (Hægstad 1916).

²² Auka og omvølte utgåver 1935 og 1947. Dei vart nok deretter avløyste av dei Seip-inspirerte nynorskutgåvene til Lundeby og Torvik utover i 1950-, 60- og 70-åra i nynorskmarknaden òg.

kulturpolitiske grunn (Vikør 1994, s. 219). Det kjem skarpt til uttrykk i *Norsk målsoge* der Indrebø klårt gjer greie for at han "hev vilja freista aa syna kva *plass* det nynorske maalstrevet hev i norsk maalsoge ... Norsk maalsoge syner diverre altfor tydeleg at *me* ymist er komne eit godt stykke burt ifraa den heimegrunn som federne stod paa, - eit godt stykke heimanfraa."²³

Hovudverket til Indrebø, *Norsk målsoga* (1951, ny utg. 2001) vart utgjeve posthumt og er framleis standardverket om norsk språkhistorie fram til 1850. I Indrebøs integrerte framstilling av den indre og ytre språkhistoria, er språkendringar granska i ein kulturell kontekst der både politiske og sosiale faktorar er vel så prominente som lydendringar, og "these non-linguistic factors are considered to be decisive in promoting language change." (Hovdhaugen m. fl. 2000, s. 411) Alt i alt kom *historikaren* Indrebø tydeleg til uttrykk i den språkhistoriske forskinga hans, og kritiske merknader har gått på at han heller var for lite lingvist, og framfor alt på at den språkideologiske agitasjonen er svært tydeleg i den vitskaplege produksjonen hans (Venås 1984, s. 174).

Indrebø døydde alt i 1942, berre 53 år gammal. Han hadde tenkt å føra *Norsk målsoga* fram til notida, men kom ikkje lenger enn til Ivar Aasen (Indrebø 2001 [1951], s. 14). Produksjonen hans innanfor nyare språkhistorie er mellom anna av den grunn langt mindre enn Seips. Som professor Bergen var Indrebø heller ikkje i same institusjonelle posisjon som Seip til å bli skuledannande. Han var dessutan leiar for den tradisjonalistiske fløya i målrørsla og stod for eit historisk-nasjonalt grunnsyn som raskt vart marginalisert i etterkrigstida. Stiller ein strenge ideologiske krav, er det såleis vanskeleg å snakka om nokon Indrebø-tradisjon i språkhistorieforskinga etter 1945.²⁴

Når det likevel kan forsvarast å tala om ein Indrebø-tradisjon i svakare meinings, er det fordi programmet hans om å synleggjera målreisingslina i språkhistoria og framheva det konfliktfylte, har vore viktig. Som innehavar av 'nynorskprofessoratet' i nordisk språkvitskap i Oslo 1971-1997, var Kjell Venås ein sentral representant for denne tradisjonen, både gjennom eiga forsking og ved å ha vore rettleiar for dei fleste hovudoppgåvene i ytre språkhistorie gjennom tre tiår.²⁵

²³ Indrebø 1927, s. 35-36. I andreutgåva blir poenget ytterlegare understreka av at eit kapittel om "Norsk-dansken etter 1814" er teke inn som "Tillegg" (Indrebø 1935, s. 69-74).

²⁴ I Indrebø-tradisjonen er dei to bøkene til Peder Hovdan populær agitatorisk målreisingssoge i reindyrka form (Hovdan 1928; Hovdan 1947). Noko meir avdempa er Almenningen og Lien 1978.

²⁵ Tre av dei store arbeida til Venås er biografiar om sentrale forskarar i den nynorske tradisjonen i norsk språkvitskap, Ivar Aasen, Marius Hægstad og Gustav Indrebø (Venås 1984, Venås 1992 og Venås 1996). For bibliografiar og eit utval mindre arbeid, sjå Bull m.fl. (red.) 1987 og Venås 1997.

Påverknad frå sosiolingvistikk og språkplanlegging

Seip-tradisjonen hadde glansperioden sin dei to fyrste tiåra etter krigen og konsoliderte ytre språkhistorie som ein disiplin tilhøyrande nordisk språkvitskap. I historiefaget låg fokuset på økonomisk, sosial og politisk historie, og etter Koht var det ingen historikarar som meir enn streifa nyare språkhistorie før sist i 1960-åra.

1950-åra var ei språkpolitisk uroleg tid, først og fremst prega av riksmålsrørsla si mobilisering mot samnorskpolitikken til Arbeidarpartiet, men òg av strid om og tilbakegang for nynorsken. I 1964 oppnemnde regjeringa den såkalla Vogt-komiteen med namn etter leiaren, lingvistikkprofessor og universitetsrektor Hans Vogt, som skulle leggja grunnlaget for språkfred og få målstriden ut or rikspolitikken. Tilrådinga kom i 1966 og la grunnen for Norsk språkråd (1972) og rehabiliteringa av ein del riksmålsformer i bokmål (1981). 1966 skulle bli eit nøkkelår også ved at det då kom to nyskapande språkhistoriske verk som utfordra Seip-paradigmet på ulike vis. Brynjulf Bleken gav ut analysen sin av standpunkt og posisjonar i målstriden 1830-1950. Eit sentralt poeng var den språkpolitiske rolla til dei språkvitskaplege fagmiljøa, prega av samnorsk- og nynorsksympatiar, og som profilert riksmålsmann var han i denne samanhengen ein 'outsidar', noko som òg er drege fram som forklaring på at verket ikkje skapte nokon fagleg debatt.²⁶

Ein viss språkhistorisk debatt vart det likevel med utspring i Vogt-komiteen si tilråding. Einar Lundeby, som tok over D.A. Seips professorat, hadde skrive eit historisk oversyn om Stortinget og språksaka som vedlegg til tilrådinga (Lundeby 1966). Riksmålsmannen Johannes Elgvin kritiserte framstillinga dels for å underkommunisera motstanden mot tilnærningspolitikken, og dels for det han meinte var ei feiltolkning av jamstellingsvedtaket i 1885.²⁷ Ordskiftet er i vår samanheng interessant fordi det understrekar samanhengen mellom språkpolitisk nyorientering og tendensar til grunnlagsdebatt om språkhistoria.

Det viktigaste som skjedde på den språkhistoriske fronten i 1966 var likevel det banebrytande verket *Language Conflict and Language Planning: The Case of Modern Norwegian* av den norsk-amerikanske Harvard-professoren Einar Haugen.²⁸ I 1950-åra hadde Haugen lagt grunnen for språkplanlegginga, som i dag er ein stor disiplin innanfor lingvistikken. Det

²⁶ Bleken 1966. Innlegga frå disputasen i 1967 vart publiserte i Bleken m.fl. 1969. Det fagkritiske perspektivet vart følgt opp i Bleken 1970. Skorten på fagdebatt i kjølvatnet av Blekens utfordring til fagmiljøet vart 20 år seinare ei sak i debatten som då blussa opp om nasjonsbyggingsideologien i faget (jf. Longum 1989, s. 62; Vikør 1989, s. 83; Jahr 1993, s. 125).

²⁷ Elgvin 1969b, svar i Lundeby 1969 og tilsvart i Elgvin 1969a.

²⁸ Norsk utgåve: Haugen 1969. Han gav ti år etter ut ei nordisk språkhistorie (Haugen 1976), som Oscar Bandle har karakterisert som "en syntese mellom sprog- og almen kulturhistorie" (Bandle 1984, s. 72). Det nordiske hovudverket i det ein kanskje kan kalla kulturhistorisk språkhistorie, er det legendariske og monumentale fembandsverket *Det danske sprogs historie* (1944-70) av Peter Skautrup.

teoretiske grunnlaget la han i stor grad gjennom studiet av norsk språkpolitikk.²⁹ Haugens grundige studie er framleis det sentrale referanseverket om norsk språkplanlegging fram til 1960-åra, og det introduserte språkplanleggingsvitenskapen i Noreg. Særleg var det viktig for å utdjupa det sosiale, politiske og ideologiske perspektivet i språkhistorieforskinga. *Fokuset* låg likevel framleis på rettskrivingsendringar og andre praktiske utslag av offentleg språkpolitikk meir enn på utanforliggjande drivkrefter, og Haugen gjekk i byrjinga òg ut ifrå ei snever forståing der språkplanlegging var meir eller mindre synonymt med 'språkrøkt'. Utover i 1970-åra vart språkplanlegginga gradvis utvida til å femna om meir av den offentlege befatninga med språkforholda i eit samfunn (Vikør 1988, s. 65-66), og det er nok ein av grunnane til at det først var i 1980-åra at språkplanlegging meir systematisk vart teoretisk og metodisk grunnlag for språkhistorieforskinga.³⁰

Utover i 1970-åra vart perspektivet i ytre språkhistorie såleis utvida sosiolingvistisk i høve til Seip-tradisjonen, ikkje historievitskapleg. Innmarsjen til språkplanleggingsteorien, og Einar Haugen personleg, opna dører mellom allmenningvistikk og nordistikk,³¹ men stadfeste at ytre språkhistorie var noko som språkvitarar sysla med. Frå kring 1970 og 15 år framover, med ein topp kring 1980, kom det ein straum av hovudoppgåver innanfor ytre språkhistorie, mange skrivne av språkpolitisk engasjerte studentar, og i Oslo hadde dei fleste som nemnt Venås som rettleiar.³² Det var reine unntak at desse oppgåvene vart leverte på historie,³³ trass i at dei metodisk i stor grad var historievitskaplege arbeid.

Nasjonsbygging og språkhistorie under debatt

Forskningsinnsatsen og den nye sosiolingvistiske og språkpolitiske inspirasjonen i 1970-åra, nedfelte seg i 80-åra i fleire samla framstillingar av nyare norsk språkhistorie. Fyrst ute var *Språk og samfunn gjennom tusen år* (1981), og forfattargruppa gjorde det klårt at "meininga har vore å vise samanhengen mellom samfunnsutviklinga og språkutviklinga - særleg da den

²⁹ Utover i 1960-åra vart sosolingvistikken/språksosiologien og språkplanlegginga bygt opp parallelt med språkplanlegging som ein underdisiplin, og attå Einar Haugen var Joshua Fishman og Charles Ferguson sentrale (jf. faghistorisk oversyn i Vikør 1988, s. 35-38).

³⁰ Dette kan særleg lesast ut av innføringsbøkene som kom i 1980-åra (sjå nedanfor). Haugens norske omsetjar, Dag Gundersen, gav likevel i 1967 ut ei samla framstilling av norsk språknormeringshistorie sterkt inspirert av Haugen (Gundersen 1967).

³¹ Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 333, legg vekt på at Haugen var ein allmenningvist som også nordistane høyrdde på.

³² Venås var òg ein føregangsmann innan norsk sosiolingvistikk og gav ut innføringsboka *Mål og miljø* som har vorte nytta heilt opp mot vår tid (Venås 1982).

³³ Av språkhistoriske hovudoppgåver i historie 1965-1990, vil eg tru dette er dei fleste: Haugland 1971 (levert 1967), Gjengedal 1971, Husby 1974 og Pedersen 1975.

språksosiale og språkpolitiske utviklinga".³⁴ I 1987 kom så den mest nyskapande framstillinga, skriven av Ernst Håkon Jahr.³⁵ Her dannar både språkplanlegging og nyare forsking på språk- og dialektkontakt grunnlaget for framstillinga – mellom anna blir bokmålet analysert som eit resultat av språkkontakt. Den siste innføringsboka er alt nemnd – *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (1993) av Arne Torp og Lars S. Vikør. Her har dei to forfattarane delt emnet mellom seg slik at Torp tek føre seg den indre språkhistoria frå urnordisk til i dag medan Vikør tek føre seg den ytre språkhistoria med vekt på tida etter 1814.³⁶

Utgjevinga av dei nye bøkene fall saman med dei fyrste tendensane til grunnlagsdebatt om nyare ytre språkhistorie, og i ein vidare kontekst var dette ein del av byrjinga på ein stor fagdebatt om nasjonsbygginga i norskfaget som har gått i bølgjer heilt til no. Kritikken mot språkdelen av norskfaget frå litteraturvitarane Leif Longum og Jørgen Haugan kring 1990 var to viktige startpunkt for debatten. Den siste runden så langt tok laus med ein kvass fagdebatt på Nordisk institutt i Trondheim i 2000 som året etter vart ført over i *Samtiden* av Kjell Lars Berge og Trond Andreassen.³⁷ Ein samnemnar for kritikken har vore at fagtradisjonen byggjer på ein ureflektert nasjonsbyggingsideologi frå stordomstida til venstrestaten. Resultatet har vore at tradisjonelle disiplinar som norrønt, dialektologi og språkhistorie har hatt ei altfor dominerande rolle altfor lenge og har stengt for nye faglege impulsar og disiplinar, det Andreassen og Berge kallar "Gustav Indrebø-syndromet".³⁸

³⁴ Almenningen m.fl. (red.) 1981, s. 7. Boka har kome i ei rad utgåver, sist i 2002. Tanken var opphavleg å skriva ei lærebok for bruk i gymnasiet, men ho vart i staden mykje brukt på universitets-/høgskulenivå. Bak boka stod eit forfattarkollektiv med utspring i Studentmållaget i Oslo, og det var òg Skuleboknemnda til Studentmållaget som tok initiativet til prosjektet. Om tankegangen bak boka, sjå elles Sandøy 1990, s. 24-25.

³⁵ Jahr 1994, opphavleg prenta som kapitlet "Språkutviklinga etter 1814: språkstrid og språkplanlegging" i trebandsverket *Vårt eget språk*, red. Egil Børre Johnsen, Oslo 1987.

³⁶ Torp og Vikør 1993, nye utg. 1994 og 2003. Denne boka har det siste tiåret vore innføringsbok på nordisk grunnfag på universitetsnivå. Vikør bygde då på eit førelsesmanus han hadde publisert tre år tidlegare Vikør 1990.

³⁷ Longum 1989; Haugan 1991; Andreassen og Berge 2001. Viktige debattarenaer har vore *Norskklæraren*, *Dag og Tid*, *Universitetsavisen* (Trondheim) og riksavisene, sjølv sagt attåt meir interne faglege forum. For ein fersk analyse av debatten og fleire tilvisingar, sjå Apelseth 2004, s. 465-470. Stugu 2000 har ein interessant analyse frå ein historikarståstad.

³⁸ Andreassen og Berge 2001, s. 50. Dei fører ingen argumentasjon for at Indrebø representerer nokon dominante straum i norsk språkvitskap, noko eg ovanfor har vist at han *ikkje* gjorde. Så metaforen reflekterer heller først og fremst at 'Gustav Indrebø' har vore eit relativt vanleg skjellsord i debattane om norskfaget. Ei anna sak er at dei fleste som kritiserer faget for å drive nasjonsbygging, sjølv har ein tendens til å konkludera med at eit modernisert norskfag også skal驱va med det som knapt kan kallast anna enn nasjonsbygging. Andreassen og Berge konkluderer til dømes med at "ingen ... kan være i tvil om at et nasjonsbærende og nasjonskultiverende dannelsesfag med ansvar for studiet av språket i landet vårt og de tekster og tekstkulturer det brukes til, må være et nødvendig redskap for å ivareta nasjonens hukommelse og selvrefleksjon." (Andreassen og Berge 2001, s. 54) I eit svar greier Jon Erik Hagen i same korte artikkel både å skriva at "nasjonsbyggingsideologien ... er eit stengsel ... [som] har lege som ei klam hand over faget i altfor mange år" og samstundes slutta seg til at "nasjonal identitetsbygging er den viktigaste motiveringa for norskfaget" (Hagen 2001, s. 125 og 127). Stugu 2000, s. 59, har i analysen sin av debatten òg peika på at "ingen avviser at norskfaget faktisk har ein identitetsskapande funksjon".

Kritikken mot språkhistoriedisiplinen har vore todelt: dels har disiplinen hatt for stor plass i studiefaget, og dels har han vore fundert på eit utdatert nasjonsbyggingsgrunnlag. Kor stor plass han *bør* ha, ligg utanfor mitt fokus. Det er derimot eit svært relevant spørsmål kva forhold språkhistoriedisiplinen har hatt til nasjonsbygginga eller "venstreideologien" (Andreassen og Berge), som i vår samanheng då kan presiserast til Seip- og Indrebø-paradigma som stod for kvar sin språklege nasjonsbyggingsideologi.

Er det noko som først og fremst pregar dei nemnde språkhistoriske oversynsverka frå 1981-1993, var det problematiseringa av 'identitet' og 'det nasjonale' og eit sterke sosialhistorisk og sosiolinguistisk perspektiv. Jahr strukturerer mykje av si framstilling kring spørsmåla om kva som er 'norsk' og når 'dansk' vart 'norsk', og i kva grad nasjonalisme har vore ei drivkraft i norsk språkhistorie. Vikør knyter framstillinga i endå sterkegrad til ei allmenn historisk drøfting av norsk nasjonalisme, og både inntok med framstillingane sine ein meir eller mindre eksplisitt konstruktivistisk nasjonalismeteoretisk posisjon, som lyt seiast å vera så langt ifrå den tradisjonelle nasjonsbyggingsideologien i norskfaget som det er mogleg å koma.³⁹

Nasjonsbyggingsdebatten fall saman med dei første tendensane til ein meir intern teoretisk og metodisk grunnlagsdebatt om ytre språkhistorie.⁴⁰ Her tok fleire av dei sentrale aktørane i nyorienteringa av disiplinen eit grunnleggjande oppgjer med han.⁴¹ Ein samnemnar for kritikken var at disiplinen bygde på eit positivistisk grunnlag, at han var atomistisk og mangla eit eksplisitt teoretisk og metodisk grunnlag og eit heilskapssyn.

Ærendet til Jahr var elles å strukturera språkhistorieforskinga etter fire 'forklaringsmodellar' eller paradigme: Seip-modellen, og den pedagogiske, den språksosiale og den nasjonal-sosiale forklaringsmodellen. Seip-modellen er grundig omtala ovanfor, og den 'pedagogiske' modellen rekna Jahr sjølv mest som ein supplerande delmodell som eg ikkje ser nokon grunn til å gå nærmare inn på. Til den språksosiale forklaringsmodellen reknar han framveksten av ei ny forståing, inspirert av sosiolinguistikken, som låg til grunn for oppgjeret med Seip-paradigmet utover i 1970-åra og nedfelte seg i *Språk og samfunn gjennom 1000 år* (1981). Jahr rekna seg sjølv som hovudpersonen innanfor den 'nasjonal-sosiale' modellen. Han såg ein reint sosial forklaringsmodell der det nasjonale var sett på sidelinje som lite tilfredstillande, mellom anna når det galdt å forklara kvifor det i det heile vart språkstrid i Noreg, men ikkje i Danmark og Sverige etter 1814. Løysinga hans er å hevda at motsetnadene i språkhistoria primært var nasjonale fram til 1917 og deretter primært har

³⁹ Jahr 1994; Torp og Vikør 1993, s. 136ff.

⁴⁰ Då vel eg å sjå bort frå den nemnde runden i siste halvdel av 1960-åra.

⁴¹ Sentrale innlegg var Sandøy 1990, Jahr 1993 og Vikør 1994.

vore sosiale. Bakgrunnen for periodeskiljet er at bokmålet etter 1917-rettskrivinga kan reknast som 'norsk'.

I ein kommentar til Jahr peikar Vikør på det påfallande at Jahr ikkje nemner Indrebø-modellen, som skilde seg skarpt frå Seip-modellen. Meir grunnleggjande er kritikken hans av den nasjonal-sosiale forklaringsmodellen der han hevdar at det berre flytter problemet: Det blir ikkje lettare å forklara oppkomsten av ein sosial målstrid i 1917 enn i 1814. Løysinga til Vikør er "at språkstriden alt på 1800-talet primært var ein sosial strid, men han vart legitimert med ein nasjonal retorikk" (Vikør 1994, s. 220), altså ein språkhistorisk variant av Jens Arup Seips mykje siterte påstand om nasjonalismen som vikarierande motiv. Vikør avsluttar med ein kort visitt innom debatten om norsk nasjonalisme som byrja å ta seg opp kring 1990. Han avviser synet som særleg Kåre Lunden har hevda: at norsk nasjonalisme oppstod i god tid før 1814, og han halla sjølv "til det synet at den norske nasjonsidentiteten er eit produkt av 1814 som spreier seg utover i samfunnet i andre halvdel av 1800-talet" (Vikør 1994, s. 223).

Tverrfagleg renessanse

Det skulle nettopp bli den nye interessa for norsk nasjonalisme og nasjonal identitet som sytte for den neste store nyorienteringa innanfor ytre språkhistorie, og som særleg drog historikarane inn i disiplinen.

Fråværet av historikarar vart lite debattert i 1980-åra, og omtalene av dei få doktorgradsavhandlingane i disiplinen er illustrerande. Geirr Wiggen skreiv i 1988 at Jahrs doktoravhandling om talemålet i skulen (Jahr 1984) "var den første og hittil eneste den siste mannsalderen her til lands om nyere norsk språkhistorie." (Wiggen 1988, s. 284) Jahr veit om ein til, for "til nå har bare to forskere innen nordisk språkvitenskap skrevet doktoravhandlinger om nyere språkhistorie, nemlig Bleken 1966 og jeg sjøl" (Jahr 1993, s. 126). At ingen av dei finn grunn til å nemna at historikaren Kjell Haugland i oktober 1986 disputerte på *Striden om skulespråket* (Haugland 1985), bør knapt tolkast som medviten usynleggjering, men heller som ei sterk stadfesting på kor rotfest nyare språkhistorie på dette tidspunktet var som ein underdisiplin av nordisk språkvitskap. At det heller ikkje vert nemnt at Wilhelm Gerdener i juni 1986 disputerte i Tyskland på ei avhandling om purisme i nynorsk, er kanskje eit teikn på at det er det "her til lands" (Wiggen) som har stått i fokus.

Det er uheldig, ikkje minst fordi det er skrivne fleire doktoravhandlingar om nyare norsk språkhistorie av utlendingar enn av nordmenn!⁴²

Ei fyrste etterlysing av historievitskapleg teori og metode i disiplinen kom nettopp under disputasen til Jahr i juni 1984. To professorar i *nordisk språkvitskap* i Oslo, Einar Lundeby og Kjell Venås, var ordinære opponentar, men historieprofessor Magne Skodvin opponerte ex auditorio. I det milde, men prinsipielle innleget sitt, viste han gjennom fem konkrete og slåande døme korleis "allmennhistoriske tilnærningsmåtar" kunne "kasta endå meir ljós over emnet for disputasen" og norsk språkhistorie i det heile (Skodvin 1985).

Jahr vedgjekk at framstillinga sikkert ville ha tent på det, men forsvarte seg etter to liner. For det fyrste var han redd for at Skodvins etterlysing av samfunnsbakgrunnen og andreopponent Venås' etterlysing av meir djuptpløyande biografiske analysar av dei sentrale aktørane ville gjort ei tjukk avhandling endå meir omfangsrik. For det andre "bør eg vel halde fast ved at eg er språkhistorikar, og at eg har brukt allmennhistoria først og fremst som 'hjelpedisiplin,'" seier Jahr (1985, s. 50) og dreg opp ei skarp grense mellom disiplinane: "Ein språkhistorikar er interessert i emnet i seg sjølv. ... Ein allmennhistorikar vil vel på si side først og fremst vera interessert i kva emnet (språkstriden) fortel om meir generelle sosiale, politiske, økonomiske og kulturelle tilhøve. Emnet er såleis ikkje interessant i seg sjølv, som det er for ein språkhistorikar..."

Eit knapt tiår seinare vedgjekk Jahr at "en god del av det som er skrevet og publisert om nyare norsk språkhistorie, nok må sies å ha klare mangler med hensyn til f.eks. historisk kildekritisk metode." (Jahr 1993, s. 122) Men han gjentok òg mest ordrett grenseoppgangen mellom språkhistorikarar og allmennhistorikarar. Følgja av dette må nødvendigvis bli at nyare/ytre språkhistorie hører heime i nordisk- og ikkje i historiefaget, og at ein samstundes både gjev avkall på ein del historiefagleg teoretisk og metodisk innsikt og på forklaringskrafta som ligg i å setja språkhistoria inn i ein vidare allmennhistorisk kontekst. Det må òg leggjast til at historikarane heller ikkje var særleg interesserte. Etter ein rask gjennomgang har eg ikkje funne ei einaste melding av eit språkhistorisk arbeid i *Historisk Tidsskrift* dei siste 30 åra.⁴³

⁴² Utanom Gerdener 1986 gjeld det alle avhandlingar som til no er skrivne om Ivar Aasen: Einar Haugens fra 1931 (*The Origin and Early History of the New Norse Movement in Norway; språkvitskap*), Linn 1997 (språkvitskap) og Walton 1987 (litteraturvitskap). Den fyrste var franskmannen Achille Burguns avhandling om norsk språkutvikling i hundreåret etter 1814 (Burgun 1919). Han fall i Fyrste verdskriga før han rakk å sjå verket publisert (jf. Hovdhaugen 1994). Frå 1932 har ein Fritz Meyens avhandling om Riksmålsforbundet (Meyen 1932). To ferske tilskot er avhandlinga til den amerikanske statsvitaren Gregg Bucken-Knapp om norsk språkpolitikk på 1900-talet (Bucken-Knapp 2003) og austerrikaren Ulrike Springs komparative studie av irsk og norsk språksituasjon kring 1900 (Spring 2004).

⁴³ Kjell Haugland har publisert to språkhistoriske artiklar i *HT* (Haugland 1974 og Haugland 1977). Eit teikn på den nye historikarinteressa er det kanskje at historikaren Leidulv Melve si bok om tale og skrift i vestleg historie vart meld (Aronsen 2002), og at Tor Bjørklund i fjar publiserte eit historisk-sosiologisk arbeid om

Før historikarane banka på døra i 1990-åra, vart disiplingrensa utfordra frå eit anna nærskyld hald. Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen gjennomførte i 1980-åra forskingsprosjektet *Nynorsk litterær offentlegheit 1850-1915*, som mellom anna resulterte doktoravhandlingane til Idar Stegane og Jostein Gripsrud.⁴⁴ Sjølv om både plasserte seg klårt innanfor litteraturvitenskap, hadde dei omfattande gjennomgangar og tildels nytolkingar av historia til nynorsk skriftkultur med eit litteratursosiologisk utgangspunkt. Det galdt òg fleire av hovudoppgåvene og dei mindre arbeida på prosjektet.

Kjell Haugland var føre si tid på to måtar, både ved å vera ei einsleg historikarsvale med nyare språkhistorie som primært forskingsfelt gjennom 1970- og 80-åra,⁴⁵ og ved å sjå målstriden i lys av eit moderne nasjonalismeteoretisk rammeverk der omgrepene 'kulturnasjonalisme' stod sentralt.⁴⁶ I 1990-åra vart interessa for nyare språkhistorie særleg fanga opp av to miljø, og både historikarar og interesse for nasjonalisme stod sentralt i både. Det eine var Volda-miljøet og Vestlandslærar-prosjektet med historieprofessor Jostein Nerbøvik som fagleg midtpunkt. Her var det historia til nynorsk skriftkultur som stod i sentrum, og det faglege arbeidet fall saman med det politiske arbeidet for å realisera planane om eit Ivar Aasen-senter, som enda opp i Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda (i drift frå 1997) og Ivar Aasen-tunet i Ørsta (opna i 2000). Viktig for interessa og oppbygginga av Aasen-institusjonane var òg markeringa *Ivar Aasen-året 1996*.⁴⁷ Dette understrekar på nytt det nære bandet mellom forskinga på ytre språkhistorie og det språk- og kulturpolitiske feltet.

Det andre miljøet hadde utspring i prosjektet *Utviklinga av ein norsk nasjonal identitet på 1800-talet* ved Historisk institutt, Universitetet i Oslo (1993-1997), leidd av professor Øystein Sørensen. Av dei 21 publiserte rapportane frå prosjektet og dei endå fleire upubliserte hovudoppgåvene, var det fleire som hadde språkhistoriske emne som ein meir eller mindre sentral del – både språkvitarar, litteraturvitarar og historikarar.⁴⁸ Faglege spenningar mellom Volda- og Oslo-miljøa var medverkande til at det kom opp diskusjonar i historiefaglege miljø om norsk språkhistorie gjennom 1990-åra. Særleg viktig og framtredande var naturleg nok det sterke nasjonalismeteoretiske grunnlaget som

folkerøystingar om språk og fråhald (Bjørklund 2004). Gjennomgangen min var ikkje grundig, så det kan ha vore språkhistoriske arbeid i HT eg ikkje har fått med meg.

⁴⁴ Gripsrud 1990 (disputas 1988); Stegane 1987 (disputas 1991).

⁴⁵ Sjølv om det var liten kontakt over faggrensene, lyt det likevel strekast under at nokon *motsetnad* mellom Haugland og nordistane er det ikkje spor etter. Han fekk òg rosande omtaler (td. Venås 1986b).

⁴⁶ Haugland 1985, s. 34ff, jf. òg den komparative innfallsvinkelen i Haugland 1980.

⁴⁷ Ein sentral historikar i Volda-miljøet attåt Nerbøvik er Reidun Høydal (td. Høydal 1995, Høydal 1998, Høydal 2001). Ottar Grepstad, leiar for Ivar Aasen-tunet, står òg bak ei rad arbeid om den nynorske målreisinga med eit kulturhistorisk perspektiv (td. Grepstad 1998, Grepstad 1999, Grepstad 2002).

⁴⁸ Den oppsummerande publikasjonen frå prosjektet er Sørensen (red.) 1998. Eg skreiv sjølv hovudoppgåva mi i nordisk språkvitskap innanfor prosjektet (Hoel 1996).

språkhistoriedisiplinen vart tilført i denne prosessen. Dette, og den nye interessa i historikarmiljø, nedfelte seg ikkje minst i banda til Anne-Lise Seip og Gro Hagemann i *Aschehougs norgeshistorie*, i 1999-utgåva av Jostein Nerbøvik si innføringsbok i norsk historie 1860-1914 og i Øystein Sørensens band av *Norsk idehistorie*.⁴⁹

På denne bakgrunnen er det freistande å sjå noko symbolsk i skilnaden på dei to utgåvene av verket *Vårt eget språk*. Då trebandsverket kom i 1987, vart mellom anna Jahrs nemnde framstilling av nyare norsk språkhistorie lagt merke til som særleg nyskapande.⁵⁰ I den komprimerte eittbandsutgåva som kom i 2002, er Jahrs kapittel erstatta av eit kraftig nedkorta kapittel om "Språkutviklingen på 1800-tallet" av *historikaren Øystein Sørensen* (Johnsen 2002, s. 63-74).⁵¹

Avsluttande drøfting

Denne gjennomgangen har framfor alt synt at ytre språkhistorie i Noreg er ein liten disiplin der doktoravhandlingane framleis kan teljast på ei hand. Det vil seia at dei sentrale fagpersonane, i all hovudsak innehavarane av dei aktuelle professorata, har hatt høve til å prega disiplinen i svært sterk grad. Det gjer at ein i utgangspunktet skal vera varsam med sterke vitskapshistoriske generaliseringar.

Trass i at det er eit lite felt med få forskrarar involverte, er det iallfall frå slutten av 1800-talet og framover vanskeleg å tala om eitt rådande paradigme. Tevlande skular og fagtradisjonar har levd side om side i jamlege konfrontasjonar, ikkje minst på grunn av språkpolitiske motsetnader. Det er kanskje mogleg å identifisera til dømes eit 'Seip-paradigme' i nyare språkhistorie som oppfyller Kuhns krav til 'normalvitenskap' med *Norskhet i sproget hos Wergeland og hans samtid* (1914) og *En liten norsk sproghistorie* (1914) som paradigmatiske verk. Men side om side og i tevling eksisterte ein nynorsk Hægstad-/Indrebø-tradisjon med eit grunnleggjande annleis syn på hovuddraga i norsk språkhistorie. Kuhn vedgår at det kan finnast tevlande skular, "det vill säga samfund, inom vetenskaperna som behandlar samma fakta från oförenliga synsvinklar", men "dessa skolor tävlar alltid och tävlingen är vanligen snabbt avslutat." (Kuhn 1992, s. 145) Ein mindre råkande karakteristikk av forskinga på ytre norsk språkhistorie kan me knapt finna – her har tevlande skular levd i

⁴⁹ Seip 1997; Hagemann 1997; Nerbøvik 1999; Sørensen 2001.

⁵⁰ Johnsen (red.) 1987. Jahrs kapittel vart seinare utgjeve separat (Jahr 1994), jf. drøftinga ovanfor. For ei grundig melding som særleg framhevar Jahr, sjå Wiggen 1988.

⁵¹ Eit uttrykk for den same trenden må det seiast å vera at på det prosjektet eg sjølv er stipendiat på, *Det opne språket. Språk og kulturendring* ved Ivar Aasen-instituttet i Volda, vil alle dei tre stipendiatane skriva doktoravhandlingar i *historie*. Den tidlegare stipendiaren på instituttet, Svein Ivar Angell, skreiv òg ei avhandling i *historie*.

tevling i tiår etter tiår. Dette burde i seg sjølv vera nok til å avskriva den sterke tolkinga av paradigme-omgrepet på det feltet som her er granska, og truleg innanfor humanvitenskapane allment. Skal paradigme-omgrepet gje mening, er det såleis i ei svakare tyding, synonymt med 'fagtradisjon' eller 'skule'.

Spesialiseringa og differensieringa i vitskapen gjorde at ytre språkhistorie til ein viss grad fall mellom fleire stolar. Norske allmenningvistar fokuserte på den indre språkstrukturen og forlét tidleg disiplinen. Gjennom mellomkrigstida ramla òg historikarane av, og ytre språkhistorie vart ei sak for nordisk språkvitskap. Det har vore situasjonen i etterkrigstida heilt fram til 1990-åra. Den faglege plasseringa er understreka av det rommet ytre språkhistorie har hatt på dei sentrale faglege møteplassane. Tidsskrift dominerte av allmenningvistane, særleg *Norsk tidsskrift for sprogvitenskap* (1928–1978) og etterfølgjaren *Nordic journal of linguistics* (1978–), har knapt hatt stoff om ytre språkhistorie.⁵² *Maal og minne* (1909–), som har vore dominert av nordistar, og *Norsk lingvistisk tidsskrift* (1983–), som har hatt eit monaleg innslag frå nordisk språkvitskap, har derimot vore sentrale organ for ytre språkhistorie, med *NLT* som det viktigaste dei siste 20 åra. Det same har MONS-konferansane, som har vore møteplassar både for allmenningvistar og nordistar. Tidsskrifta og konferansane for historikarar har derimot ikkje vore viktige før heilt i det siste.

Gibbons m.fl. (1994, s. 22) brukar berre paradigme-omgrepet om den tradisjonelle vitskapen (type 1): "In Mode 1 disciplinary research, the term paradigm is used to denote a provisional consensus among the relevant set of practitioners." Deira analyse går ikkje berre på kva forskrarar føretok seg, men òg på heile den institusjonelle og økonomiske strukturen som omgjev forskinga. Skildringa deira av dei overordna endringsprosessane er råkande og er med på å utdjupa forståinga av kva som no skjer, jamvel på eit så avgrensa felt som ytre språkhistorie. Når eg har lagt såpass vekt på Jahrs forsvar for nordistdominansen i disiplinen, er det fordi eg tek det som eit tydeleg teikn på det som kring 1990 må kallast tradisjonell vitskap av 'type 1'. Jahr (f. 1948, professor i nordisk språkvitskap i Tromsø frå 1986, i Kristiansand frå 1989) er dregen fram som ein av seks sentrale entreprenørar i nordisk lingvistikk (Hovdhaugen m. fl. 2000, s. 506), og han har gjort ein viktig tverrfagleg jobb både ved å byggja bru mellom allmenningvistikk og nordisk språkvitskap i Noreg og gjennom introduksjonen språkkontaktforskinga i Noreg. At Jahr kring 1990 forsvarte nordistreviret innanfor ytre språkhistorie, tek eg difor i fyrste rekke som eit teikn på kor rotfest og sjølv sagt – 'paradigmatiske?' – denne plasseringa av disiplinen var på den tida. I

⁵² NTS vart i 1972 omdøypt til *Norwegian journal of linguistics*, men fekk problem og gjekk i 1978 inn i NJL (Hovdhaugen m.fl. 2000, s. 502). Eg tek etterhald om at gjennomgangen min av NTS er svært sporadisk.

paradigmeskiftet i disiplinen som Jahr sjølv, Vikør m.fl. stod bak, vart mykje i fagtradisjonen utfordra, men ikkje tilhøyrsla til nordistikken.

At disiplinen ytre språkhistorie er på veg over ein 'type 2'-fase, blir kanskje først og fremst understreka av det nye tverrfaglege innslaget som kom til gjennom 1990-åra, og som samsvarar med den tverrfaglege tendensen i heile universitets-, høgskule- og forskingssektoren. 'Type 2' les eg som kunnskapsproduksjonens versjon av det mykje omtala nettverkssamfunnet, og har det vore vanskeleg å tala om paradigme før, vert det vert umogleg no, for "the intellectual agenda is not set within a particular discipline" (Gibbons m. fl. 1994, s. 27).

Analysen til Gibbons m.fl. hevdar at eit anna kjenneteikn på kunnskapsproduksjon av type 2 er eit større samvirke mellom akademia og samfunnet ikring og knyter dette til auka tverrfaglegheit: "In transdisciplinary contexts, disciplinary boundaries, distinctions between pure and applied research, and institutional differences between say, universities and industry, seem to be less and less relevant." (Gibbons m. fl. 1994, s. 30) Analysen tek utgangspunkt i naturvitenskap og teknologi, og dei vedgår at biletet er noko annleis for humaniora, mellom anna fordi kontakten mellom humaniora/samfunnsvitenskap og samfunnet ikring alltid har vore intim (Gibbons m. fl. 1994, s. 99), noko språkhistorieforskaran si sterke deltaking i språkpolitikk og offentleg språkplanlegging gjennom 150 år illustrerer godt. Samstundes finst det ingen (kultur)industri med kommersiell kraft som etterspør språkhistorisk kunnskap. Med fare for å bli nærsynt, vil eg likevel dra fram korleis den viktigaste norske kulturinstitusjonen med språkhistorie sentralt i interessefeltet, Ivar Aasen-tunet i Ørsta (driven av stiftinga Nynorsk kultursentrums), har vore med på å fremja tverrfaglegheit på språkhistoriefeltet. Både i planlegginga og oppbygginga av institusjonen, og av dei språkhistoriske utstillingane særskilt, vart det nyttta kompetanse frå ei rad relevante fagfelt, gjerne i tverrfagleg samansette grupper.⁵³ Det er òg ein illustrasjon på Julie Thompson Kleins (2000, s. 14) understrekning av at den tverrfaglege naturen til forskingsproblem ofte kjem til syne i senter.

Sjølv om ytre språkhistorie framleis primært soknar til skule- og studiefaget norsk, skulle det vera liten tvil om at nordistane sitt hegemoni i disiplinen er brote for godt. Og det finst vel heller knapt nokon innanfor nordisk språkvitskap som i god tverrfagleg ånd vil ta dette så tungt i dag. Det står likevel att å sjå om historikarinteressa ein har sett dei siste åra vil vara ved eller berre var eit blaff. Det sterkare fokuset på kulturhistorie det siste tiåret og

⁵³ Sjå td. Nerbøvik (red.) 1992. Om dei tverrfaglege ambisjonane for tvillinginstitusjonen Ivar Aasen-instituttet (Høgskulen i Volda), sjå Tvinnereim (red.) 1996.

'den språklege vendinga' i historiefaget, skulle vel helst tilseia at fleire enn færre historikarar vil meldा seg på.

Litteratur

- Almenningen, Olaf og Åsmund Lien. (1978). *Striden for nynorsk bruksmål. Ei lita målreisingssoge*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf m.fl. (red.). (1981). *Språk og samfunn gjennom tusen år*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andreassen, Trond og Kjell Lars Berge. (2001). Norskfagets forfall og fall. *Samtiden*, (nr 3), s. 43-55.
- Apelseth, Arne. (2004). *Den låge danninga. Skriftmeistring, diskursintegrering og tekstlege deltagingsformer 1760-1840*. Dr.art.-avhandling. Universitetet i Bergen.
- Aronsen, Elisabeth. (2002). [Anmeldelse av: Med ordet som våpen. Tale og skrift i vestleg historie / Leidulf Melve]. *Historisk tidsskrift*, s. 165-168.
- Bandle, Oskar. (1984). Nordiske sproghistorier. Vurderinger og krav. I: K. Ringgaard og Viggo Sørensen (red.), *The Nordic languages and modern linguistics 5. Proceedings of the Fifth International Conference of Nordic Languages and Modern Linguistics in Århus 27/6-1/7 1983* (s. 69-92). Århus: Århus Universitet.
- Barnes, Michael. (1991). [Melding av Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814 / av Ernst Håkon Jahr]. *Scandinavica. An international journal of Scandinavian studies*, s. 118-122.
- Bjørklund, Tor. (2004). Lokale avstemninger om mål og alkohol. To motkulturer med ulikt syn på folkeavstemning. *Historisk tidsskrift*, (nr. 1), s. 57-80.
- Bleken, Brynjulv. (1966). *Om norsk sprogstrid*. Skrifter utgitt av det Norske akademi for sprog og litteratur, 4. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bleken, Brynjulv. (1970). *Norskfilologene og sprogsprørsmålet*. Skrifter utgitt av Det norske akademi for sprog og litteratur, 6. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bleken, Brynjulv, Olav Næs og Anfinn Stigen. (1969). *Doktordisputas om sprogstriden. Innlegg ved disputas 27. mai 1967 om Brynjulv Blekens avhandling "Om norsk sprogstrid"*. Skrifter utgitt av Det norske akademi for sprog og litteratur, 5. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bondevik, Jarle (red.). (1988). *Fra smått til stort. Nordistikk i Bergen gjennom 70 år*. Eigenproduksjon nr. 33. Bergen: Nordisk institutt.
- Bucken-Knapp, Gregg. (2003). *Elites, language, and the politics of identity. The Norwegian case in comparative perspective*. SUNY series in national identities/Skrifter fra Ivar Aasen-instituttet, 14. Albany, New York/Volda: State University of New York Press/Høgskulen i Volda.
- Bull, Tove, Ernst Håkon Jahr og Geirr Wiggen (red.). (1987). *Mål og medvit. Heidersskrift til Kjell Venås på 60-årsdagen 30. november 1987*. Oslo: Novus.
- Burgun, Achille. (1919). *Le développement linguistique en Norvège depuis 1814*. 1-2. Kristiania: En commission chez Jacob Dybwad.
- Carr, Edward Hallett. (1987). *What is history? The George McCaulay Trevelyan lectures delivered in the University of Cambridge January-March 1961* (2.utg.). London: Penguin.
- Dahl, Ottar. (1990). *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Elgvin, Johannes. (1969a). Politikk, taktikk og realiteter i Stortinget 1885. *Ordet*, (10), s. 407-421.
- Elgvin, Johannes. (1969b). Stortinget og sprogsaken. *Ordet*, (4), s. 157-170.
- Fulsås, Narve. (1999). *Historie og nasjon. Ernst Sars og striden om norsk kultur*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Garborg, Arne, Anders Hovden og Halvdan Koht. (1913). *Ivar Aasen. Granskaren, maalreisaren, diktaren. Ei minneskrift um livsverket hans*. Kristiania: Norli.
- Gerdener, Wilhelm. (1986). *Der Purismus im Nynorsk historische Entwicklung und heutiger Sprachgebrauch*. Münstersche Beiträge zur deutschen und nordischen Philologie, 1. Münster: Höller.
- Gibbons, Michael m.fl. (1994). *The New production of knowledge. The dynamics of science and research in contemporary societies*. London: Sage.
- Gjengedal, Arvid. (1971). *Nynorsk arbeid i 1870- og 80-åra*. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo.
- Grepstad, Ottar. (1998). *Nynorsk faktabok 1998*. Oslo: Nynorsk forum.
- Grepstad, Ottar. (1999). *Den Store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat*. Oslo: Samlaget.

- Grepstad, Ottar. (2002). *Det nynorske blikket*. Oslo: Samlaget.
- Gripsrud, Jostein. (1990). *Folkeopplysnings dialektikk. Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteatret 1890-1940*. Oslo: Samlaget.
- Gundersen, Dag. (1967). *Fra Wergeland til Vogt-komiteen. Et utvalg av hovedtrekk og detaljer fra norsk språknormalisering*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hagemann, Gro. (1997). *Det moderne gjennombrudd 1870-1905*. Aschehougs norgeshistorie (Bd. 9). Oslo: Aschehoug.
- Hagen, Jon Erik. (2001). Norskfaget som stengsel - og opning. *Samtiden*, (nr. 4), s. 125-127.
- Haugan, Jørgen. (1991). *400-årsnatten. Norsk selvforståelse ved en korsvei*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. (1969). *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. (1976). *The Scandinavian languages. An introduction to their history*. London: Faber and Faber.
- Haugland, Kjell. (1971). *Striden kring sidemålsstilen. Ein studie i språk og politikk i åra 1906-07*. Bergen-Oslo-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. (1974). Ei pressgruppe tek form. Målrørsla og Venstrepartiet 1883-1885. *Historisk tidsskrift*, (nr. 2), s. 148-182.
- Haugland, Kjell. (1977). Organisasjonsgjennombrotet i målarbeidet ved hundrearsskiftet. *Historisk tidsskrift*, (nr. 1), s. 19-52.
- Haugland, Kjell. (1980). An outline of norwegian cultural nationalism in the second half of the nineteenth century. I: Rosalind Mitchison (red.), *The Roots of nationalism: Studies in Northern Europe* (s. 21-29). Edinburgh: John Donald Publishers.
- Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. (1996). *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Oslo: Noregs forskningsråd.
- Hovdan, Peder. (1928). *Frå folkemål til riksmål. Blad or Noregs nyaste målsoga*. Oslo: Noregs mållag.
- Hovdan, Peder. (1947). *Eit norsk Noreg*. Oslo: Samlaget.
- Hovdhaugen, Even. (1994). *Achille Burgun 1884-1915. Professor Achille Burgun som det ikke ble forunt å se sin doktoravhandling om språkutviklingen i Norge trykket og utgitt*. Oslo: L. Kleiser.
- Hovdhaugen, Even m.fl. (2000). *The History of linguistics in the Nordic countries*. Helsinki: Societas Scientiarum Fennica.
- Husby, Åshild Høyem. (1974). *Hamskiftet sett gjennom et temperament. Olav Jakobson Høyem. Målmann, samfunnsreformator og sagas tjener*. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Trondheim.
- Hægstad, Marius. (1916). *Norsk maalsoga for skule og heim*. Norske folkeskrifter 22 (3. oppl.). Oslo: Norigs ungdomslag og Student-maallaget.
- Høydal, Reidun. (1995). *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895-1920*. KULTs skriftserie nr. 39. Oslo: Norges forskningsråd.
- Høydal, Reidun. (1998). *Ein ny norsk elite: norskdomsrørslas akademikarar*. Skriftserie / Forum for universitetshistorie nr. 1/1998. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Høydal, Reidun. (2001). The best and the brighitest. Landsgymnaset som nasjonsbyggjar og elitedannar. I: Sveinung Vaage (red.), *Education and nationbuilding. Conference report 14-15 June 2001* (s. 121-142). Volda: Volda University College.
- Indrebø, Gustav. (1927). *Norsk Maalsoge*. Særprint av Den 17de Mai.
- Indrebø, Gustav. (1935). *Norsk målsoge* (2. utg., auka og umvølt). Bergen: Lunde.
- Indrebø, Gustav. (2001 [1951]). *Norsk målsoga* (2. utg., auka og umvølt). Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Jahr, Ernst Håkon. (1984). *Talemålet i skolen. En studie av drøftinger og bestemmelser om muntlig språkbruk i folkeskolen (fra 1874 til 1925)*. Oslo: Novus.
- Jahr, Ernst Håkon. (1985). Ernst Håkon Jahr: Talemålet i skolen [disputasinnlegg]. *Maal og minne*, s. 38-52.
- Jahr, Ernst Håkon. (1993). Forklaringsmodellar i nyere norsk språkhistorie. I: Ann-Marie Ivars, m.fl. (red.), *Språk och social kontext* (s. 121-136). Helsingfors: Institutionen för nordiska språk och nordisk litteratur vid Helsingfors universitet.
- Jahr, Ernst Håkon. (1994). *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814* (2. utg.). Oslo: Novus.
- Johnsen, Egil Børre (red.). (1987). *Vårt eget språk*. 1-3. Oslo: Aschehoug.
- Johnsen, Egil Børre (red.). (2002). *Vårt eget språk*. Oslo: Aschehoug.
- Klein, Julie Thompson. (2000). A conceptual vocabulary of interdisciplinary science. I: Nico Stehr og Peter Weingart (red.), *Practising interdisciplinarity* (s. 3-24). Toronto: Toronto University Press.

- Knudsen, Trygve. (1981). Didrik Arup Seip. I: John Tuneld (red.), *Didrik Arup Seip. En bibliografi* (s. 9-18). Oslo: Bymålslaget - Samlaget.
- Kuhn, Thomas S. (1992). *De vetenskapliga revolutionernas struktur*. Stockholm: Thales.
- Linn, Andrew Robert. (1997). *Constructing the grammars of a language. Ivar Aasen and nineteenth century Norwegian linguistics*. The Henry Sweet Society studies in the history of linguistics, vol. 4. Münster: Nodus Publikationen.
- Longum, Leif. (1989). Fagdebatt og fagfornyelse. Et kritisk søkelys på den språkvitenskapelige tradisjonen i Norge. I: "Norsk" som forsknings- og studiefag. *Historiske perspektiver - aktuelle utfordringer* (s. 54-67). Oslo: LNU/Cappelen.
- Lundeby, Einar. (1966). Stortinget og språksaken (vedlegg 1). I: *Innstilling om språksaken fra komiteen til å vurdere språksituasjonen m. v.* (Vogt-komiteen) (s. 55-81). Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Lundeby, Einar. (1969). Språksaken i Stortinget. *Ordet*, (nr. 9), s. 380-387.
- Lundeby, Einar og Ingvald Torvik. (1956). *Språket vårt gjennom tidene. Kort norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal.
- Meyen, Fritz. (1932). "Riksmålsforbundet" und sein Kampf gegen das Landsmål. Ein Abschnitt aus Norwegens innerer Geschichte. Oslo: I Kommission hos Riksmaalsforbundet.
- Moe, Moltke. ([1909]). Nationalitet og kultur. I: Eskil Hanssen (red.), *Om norsk språkhistorie* (1970, s. 263-276).
- Nerbøvik, Jostein. (1999). *Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. Oslo: Samlaget.
- Nerbøvik, Jostein (red.). (1992). *Ivar Aasen-senteret. Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur. Forprosjektet*. Volda: Ivar Aasen-senteret.
- Nilsson, Ingemar. (1984). Vetenskapshistoria. Att studera vetenskapens förändring. I: Jan Bärmark og Baldursson Eiríkur (red.), *Forskning om forskning, eller Konsten att beskriva en elefant* (s. 105-141). Stockholm: Natur och kultur.
- Pedersen, Arve. (1975). *Oppgjøret med målløvene. Språkpolitikk 1908-10*. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo.
- Robins, R. H. (1990). *A short history of linguistics* (3. utg.). London: Longman.
- Sandøy, Helge. (1990). Språkhistorie - forskning og formidling. *Mål og Makt*, (nr. 3/4), s. 12-26.
- Seip, Anne-Lise. (1997). *Nasjonen bygges 1830-1870*. Aschehougs norgeshistorie (Bd. 8). Oslo: Aschehoug.
- Seip, Didrik Arup. (1976). *Liten norsk språkhistorie*. Aschehoug: Oslo.
- Skodvin, Magne. (1985). Ernst Håkon Jahr: Talemålet i skolen [disputasinnlegg ex auditorio]. *Maal og minne*, s. 32-36.
- Slagstad, Rune. (2000). *Kunnskapens hus. Fra Hansteen til Hanseid*. Oslo: Pax.
- Sommerfelt, Alf. (1934). *Hvordan sproget blir til. En oversikt over sprogets rolle i samfundene*. Oslo: Cappelens forlag.
- Spring, Ulrike. (2004). *Wholly Irish und fullnorsk. Der performative Charakter nationaler Narrative am Beispiel der Sprachbewegungen in Irland und Norwegen um 1900*. Tromsøer Studien zur Literaturwissenschaft und Linguistik(TROLL) 4. Laatzen: Wehrhahn Verlag.
- Stegane, Idar. (1987). *Det nynorske skriftlivet. Nynorsk heimstaddiktning og den litterære institusjon*. Oslo: Samlaget.
- Stugu, Ola Svein. (2000). Nasjonsbyggjarar på ørkenvandring - nordiskfaget sett utanfrå. *Norsk læraren*, (nr. 4), s. 55-60.
- Søilen, Oddmund. (1978). *Halvdan Koht. Språk og historie. En undersøkelse av Halvdan Kohts målpolitikk og målreisningsarbeid*. Hovudoppgåve i nordisk språk. Universitetet i Bergen.
- Søilen, Oddmund. (1983). J.E. Sars og norsk språkhistorie. *Maal og minne*, (nr. 1-2), s. 60-81.
- Sørensen, Øystein. (2001). *Kampen om Norges sjel*. Norsk idéhistorie (Bd. 3). Oslo: Aschehoug.
- Sørensen, Øystein (red.). (1998). *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Thue, Fredrik W. (1996). Det humanistiske fagfeltets historie. I: *Universitetet i Bergens historie* (Bd. 2, s. 433-579). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. (1993). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Tuneld, John. (1981). *Didrik Arup Seip. En bibliografi*. Oslo: Bymålslaget - Samlaget.
- Tvinnereim, Helga Stave (red.). (1996). *Nynorsk skriftkultur - aktuelle forskingsfelt. Idedugnad om Ivar Aasen-instituttet som knutepunkt i Noregsnettet*. Arbeidsrapport, 19. Volda: Høgskulen i Volda - Møreforsking Volda.

- Venås, Kjell. (1982). *Mål og miljø. Innføring i sosiolinguistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus.
- Venås, Kjell. (1984). *For Noreg og Ivar Aasen. Gustav Indrebø i arbeid og strid*. Oslo: Novus.
- Venås, Kjell. (1986a). Om utviklingslære og junggrammatikk i Noreg. I: *De Nordiske skriftspråkenes utvikling på 1800-tallet*, bd. 3. *Ideologier og språkstyring*. Nordisk språksekretariats rapporter 7 (s. 84-92). Oslo: Nordisk språksekretariat.
- Venås, Kjell. (1986b). Striden om skulespråket [melding av Striden om skulespråket / Kjell Haugland] (kronikk). *Bergens Tidende*, 24.6..
- Venås, Kjell. (1992). *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo: Novus.
- Venås, Kjell. (1996). *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*. Oslo: Novus.
- Venås, Kjell. (1997). *Målvtiskap og målrøkt. Festskrift på 70-årsdagen 30. november 1997*. Redigert av Andreas Bjørkum, Botolv Helleland, Eric Papazian og Lars S. Vikør. Oslo: Novus.
- Venås, Kjell. (2001). Nokre merknader om det norske stoffet i The history of linguistics in the Nordic countries av Even Hovdhaugen, Fred Karlsson, Carol Henriksen og Bengt Sigurd. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, (nr. 2), s. 229-262.
- Vikør, Lars S. (1988). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. (1989). Fagdebatt og fagfornying. *Eigenproduksjon*, (nr. 35), s. 83-88.
- Vikør, Lars S. (1990). Liner i nyare norsk språkhistorie. *Eigenproduksjon*, (nr. 37), s. 1-116.
- Vikør, Lars S. (1994). Korfor fekk vi språkstrid? Forklaringsmodellar i nyare norsk språkhistorie. I: Johan Myking, Helge Sandøy og Ivar Utne (red.), *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen* (s. 217-224). Bergen: Nordisk institutt - Universitetet i Bergen.
- Vinje, Finn-Erik. (1978). *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager* (2. utg.). Oslo: Aschehoug.
- Walton, Stephen J. (1987). *Farewell the spirit craven. Ivar Aasen and national romanticism*. Oslo: Samlaget.
- Wiggen, Geirr. (1988). [Melding av Vårt eget språk 1-3 / E.B. Johnsen (red)]. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, (nr. 1-2), s. 280-319.